



Det kongelege Kulturdepartement

Postboks 8030 dep  
0030 Oslo

Bokn, 30. oktober 2014

## Høyringsvar – Staten og Den norske kyrkja – eit tydeleg skilje.

Bokn sokneråd og fellesråd viser til departementet sitt høyringsnotat av 2. september 2014 der me blir invitert til å kome med uttale på høyringsnotatet om «Staten og Den norske kyrkja – eit tydeleg skilje.» Takk for høve til å kome med uttale.

Bokn sokneråd/fellesråd har hatt saka oppe den 2. oktober og den 30. oktober.

Bokn sokneråd/fellesråd er positiv til forslaget som ligg føre, men har nokre kommentarar:

Det er vanskeleg å lese høyringa og få ei klar forståing for kva som er dei rettslege einingane og kva som er deira forhold til kvarandre. Soknet er kyrkja si viktigaste eining. Ved å gjere endringar i §2 slik det er foreslått, kan ny ordlyd svekke soknet som sjølvstendig eining. Dette ser me mellom anna ved at geistleg tilsette ikkje vert overført til soknet.

Bokn sokneråd/fellesråd ynskjer at §2 gjev tydeleg uttrykk for at det er to sjølvstendige rettssubjekt i Den norske kyrkja; soknet og eit sentralledd. Kyrkjemøtet bør vere sentralleddet sitt rettssubjekt.

Me er takksame for lovfesting av at kvart sokn skal ha presteteneste, men kva med dei andre tilsette? Det er vedteke ein trusopplæringsplan som boteråd mot at kyrkje vart fråteken den dåpsopplæringa som skulen hadde fram til 1969. Det er overraskande at trusopplæringsplanen ikkje er innarbeida i lovverket no. Dette er særleg viktig når departementet føreslår å finansiere kyrkje ved rammetilskot. Dersom ikkje trusopplæringsplanen og tilstrekkeleg grunnbemanning i samband med denne er med no, er ikkje planen sikra støtte.

Under avsnittet om meirverdiavgift les vi: «vil ikkje departementet foreslå noen ordning for kompensasjon for merverdiavgift for en fristilt kirke». Det er uklart om dette gjeld lokalkyrkja eller berre sentral-leddet i framtida. For soknet, vil refusjon av meirverdiavgift vere sær sars viktig. Vi vil på det sterkaste tilrå at kyrkja lokalt får halda på ordninga med fritak av meirverdiavgift og at sentralleddet får same ordning.

Bokn sokneråd/fellesråd vil gje uttrykk for at det trengs klarare vedtak for finansiering og ansvar. Forholdet mellom sentralleddet og lokalleddet er ikkje avklara når det gjeld dei geistleg tilsette: prest – prost – biskop. Det kan vere utfordrande at presten skal ha sitt virke i soknet utan å vere tilsett av soknet og heller ikkje rapporterer til soknet. Oppheving av kyrkelova §9 åttande ledd og §14 femte ledd kan difor måtte endrast om ein kjem fram til at presten bør bli lokalt tilsett. Tilsetjingsansvaret for prestane i soknet, bør vurderast.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bokn sokneråd

Bokn sokneråd/fellesråd er opptatt av at Den norske kyrkja får tilstrekkeleg tilskot til å kunne overta personalforvaltning og økonomi. Elles er det lokale engasjementet det avgjerande for framtida til kyrkja. Det er avgjerande viktig at soknet får tilført personell og kompetanse til å stå i dei utfordringane som kyrkja vil møte i tida som kjem.

For Bokn sokneråd og fellesråd

Jan Magne Moi

kyrkjeverje